

## **Møteplass med utgangspunkt i regionale koórdinerande einingar – Delavtale mellom ”Navns nevelse” kommune/privat rehabiliteringsinstitusjon og Helse Førde HF.**

## **Møteplass med utgangspunkt i regionale koórdinerande einingar – Delavtale for kommunane, dei private rehabiliteringsinstitusjonane og spesialisthelsetenesta i Sogn og Fjordane (Helse Førde HF sitt føretaksområde).**

### **1.0 Bakgrunn**

Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i Helse Vest blei oppretta i 2007 som ledd i Helse Vest si satsing på habilitering og rehabiliteringsfeltet. Etablering av kompetansesenteret var et prioritert tiltak i Regional plan for habilitering og rehabilitering (vedtatt av Styret i Helse Vest RHF i desember 2006).

Gjennom mandat frå Helse Vest RHF blei kompetansesenteret mellom anna tildelt funksjonen som regional koordinerande eining. Funksjonen til den regionale koordinerande eininga er forankra i Forskrift om habilitering og rehabilitering (2001). For å oppfylle funksjonen som regional koordinerande eining, har kompetansesenteret knytt til seg rådgjevarar med bindeleddsfunksjon i alle føretaka i Helseregion Vest.

I tråd med Forskrift om habilitering og rehabilitering, har den regionale koordinerande eininga opparbeidd oversikt over, og naudsynt kontakt med habiliterings- og rehabiliteringstenesta i kommunane (koordinerande einingar) og i spesialisthelsetenesta i Helseregion Vest. Oversikta utgjer eit kontaktnettverk.

Kontaktnettverket skal ha ein Møteplass som skal være et forum for informasjon, erfaringsutveksling og samarbeid mellom kommunar og spesialisthelsetenesta. Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering har utarbeidd rettingslinje for møteplassen

### **2.0 Lover, faglege retningslinjer og andre styrande dokument som avtalen byggjer på.**

Delavtalen om Møteplassar innan habilitering og rehabilitering med utgangspunkt i regional koordinerande eining, er ei konkretisering av retningslinja for Helse Førde HF sitt føretaksområde (Jfr. pkt. 1).

Møteplassen tar utgangspunkt i Forskrift om habilitering og rehabilitering, og er formelt forankra gjennom eiga retningslinje vedtatt av Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i Helse Vest.

Møteplassen vil vere ein del av dei formelle samarbeidsstrukturane mellom brukarorganisasjonane, kommunar og spesialisthelsetenesta (inkludert private rehabiliteringsinstitusjonar) i Sogn og Fjordane.

### **3.0 Føremål**

Møteplassen skal vere ein arena for å styrke arbeidet for utvikling av, samarbeid om, og synliggjering av tenestetilboda innan habilitering og rehabilitering i fylket.

I retningslinja for Møteplassen har Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering lagt til grunn følgande mandat (Jfr. eiga retningslinje vedtatt i Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i Helse Vest).

1. *Kontaktnettverket skal ha ein fast Møteplass i kvart føretak/føretaksområde for dei som innehar koordinerande einingsfunksjon for habilitering og rehabilitering i kommunane og sjukehusa.*
2. *Møteplassen skal legge til rette for samhandling mellom koordinerande eining (KE) og aktuelle samarbeidspartnarar for utvikling innan habiliterings- og rehabiliteringsfelta.*
3. *Møteplassen skal legge til rette for erfarings- og informasjonsutveksling.*
4. *Møteplassen skal synliggjørast som ein del av samhandlingssystemet mellom kommunar, spesialisthelsetenesta, brukarorganisasjonar og andre relevante samarbeidspartnarar som har til oppgåve å styrke samanhengande tenestetilbod til pasientane.(sjå også under pkt Forankring side 3).*
5. *Møteplassen skal til en kvar tid være en aktiv part i det lokale og i det regionale arbeid for utvikling og synliggjøring av oppgåver innan fagområda.*
6. *Møteplassen vil være eit viktig utgangspunkt for å danne lokale og regionale fagnettverk. Regionalt kompetansesenter vil ta initiativ til etablering og drift av fagnettverk*

### **4.0 Partane i avtalen**

Partane i avtalen er kommunane i Sogn og Fjordane, Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter og Helse Førde HF.

Møteplassen er meint for koordinerande eininger eller personar som har koordinerande funksjonar i kommunar og spesialisthelsetenesta og deira samarbeidspartnarar, både offentlege og private.

### **5.0 Innhaldet i samhandlinga**

#### a) *Arbeidsutval*

Arbeidsutvalet har særskilt ansvar for å bidra til utarbeiding av program og møteplan for Møteplassen. Som utgangspunkt for arbeidet ligg sentrale utfordringar knytt til hab- og rehabiliteringstenestene i og mellom ulike forvaltningsnivå og dei private rehabiliteringsinstitusjonane.

#### Arbeidsutval:

Ein føreset at deltakarane i Arbeidsutvalget har ei relevant fagleg forankring i høve til hab- og rehabiliteringsarbeid.

- Eit medlem som representerar dei koordinerande einingane i kommunane.
- Ein representant frå Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter.
- Ein representant frå fagområde/einingar i spesialisthelsetenesta som er sentrale tenesteytarar knytt til hab- og rehabiliteringstenester.
- Rådgjevar med bindeleddsfunksjon (Jfr. pkt. 1.0) er medlem, og leiar Arbeidsutvalet.

Representanten frå kommunane har ansvar for å søke råd for arbeidet i sin sektor.

Rådgjevar med bindeleddsfunksjon har ansvar for å ta med Brukarutvalget i Helse Førde HF, føretaksleiringa og representantar frå ulike relevante kliniske einingar i planleggingsarbeidet.

b) *Møteverksemnd/drift*

Alle deltagarar i kontaktnettverket (Jfr. pkt 1) kan foreslå tema og melde ønske om innhald i møteverksemnda til arbeidsutvalet. Tema og problemstillingar på Møteplassen må vere av felles interesse. Arbeidsutvalet møtest 2 – 4 gongar pr. år.

Kontaktnettverket samlast 1 – 2 gongar pr. år.

Rådgivar med bindeleddsfunksjon har hovudansvar for drift av Møteplassen.

c) *Kommunikasjonsform*

Invitasjon til Møteplassen blir sendt elektronisk.

Invitasjonar, referat og presentasjonar blir gjort tilgjengelig på Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i Helse Vest, og Helse Førde HF sine internetsider.

d) *Evaluering*

Arbeidet i, og samansetjinga av Arbeidsutvalget blir evaluert årleg ved:

- a) at ein ber om tilbakemeldingar frå deltagarane på Møteplassane (skriftleg eller munnleg).
- b) eiga evaluering internt i Arbeidsutvalget.
- c) at ein årleg orienterer i Koordineringsrådet om arbeidet som har vore gjort.

Stad/dato	Underskrift	Stad/dato	Underskrift
	<i>Tove Hovland Helse Førde HF</i>		..... kommune